



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Britt Solheim, 5557 2334

Informasjon til kommunane i Vestland om framlegg til nytt avløpsdirektiv

Statsforvaltaren i Vestland vil gjere kommunane merksame på at EU-kommisjonen i sitt framlegg til nytt avløpsdirektiv, tilrår å skjerpe inn krav til oppsamling og reinsing av avløpsvatn.

Dei første fristane som er gitt, for å utbetre offentlege avløpssystem, vil mest sannsynleg ta til å gjelde i 2027. Fleire av avløpsreinseanlegga i Vestland vil etter framlegget få nye og strengare krav til reinsing.

Kommunane bør i planlegginga legge til rette for å kunne oppgradere reinseanlegg, leidningsnett og anna infrastruktur for å kunne møte krava i framlegget til endra EU-direktiv.

Vi viser til EU sitt gjeldande avløpsdirektiv¹ og til EU kommisjonen sitt framlegg 26. oktober 2022 for revidert avløpsdirektiv².

Framlegget til endra avløpsdirektiv har fått utvida formål i tråd med EU sin grønne giv. Revidert direktiv skal bidra til ytterlegare reduksjon i tilførsel av forureining frå utslepp av kommunalt avløpsvatn, tryggje mennesket si helse, redusere klimagassar, føre til betre styring og openheit i avløpssektoren og betre overvakinga.

Kommunalt avløpsvatn kan bidra til spreiding av mikroforureining,³ i tillegg til organisk materiale og næringsalt, og kan påverke miljøtilstanden i resipientane. På bakgrunn av dette ønskjer EU å fjerne forskjellen i reinsekrava for utslepp til ferskvatn og sjø. Reinsekrava er skjerpa inn og nye krav er komne til.

¹ https://ec.europa.eu/environment/water/water-urbanwaste/legislation/directive_en.htm

² https://environment.ec.europa.eu/publications/proposal-revised-urban-wastewater-treatment-directive_en

³ Mikroforureining= mikroplasm, bakteriar/virus, lækjemiddelrestar og andre miljøgifter



Tilrådde endringar

Utvida verkeområde

Framlegg til nytt direktiv gjeld for alle avløpsløyningar i tettbygde område med eit potensielt utslepp over 1 000 personekvivalentar, pe⁴. Tidlegare var grensa 2 000 pe til ferskvatn og 10 000 pe til sjø. Dette er grunnleggjande med at utslepp frå mindre tettbygde område påverkar 11 % av vasskvaliteten i vassførekomst i Europa.

Innan 2030 skal alle kommunar sikre at avløpsvatn frå tettbygde område mellom 1 000 og 2 000 pe går til eit oppsamlingssystem for kommunalt avløpsvatn⁵. I tillegg skal alle husvære vere kobla til dette systemet, og reinsekrava skal etterlevast. Alle husvære skal koplatt til avløpsnett der dette finst. Direktivet opner for avgrensa bruk av individuelle avløpsløyningar. Separate anlegg må vere godkjente og kontrollerte. Dersom desse anlegga slepp ut meir enn 2 % av rapportert mengde i tettbygde område over 2 000 pe, må bruken grunnleggjande. I Norge kan slike løysningar vere i bruk til dømes i hytteområder. Dersom individuelle løysningar vert nytta, skal dei ha minst like strenge reinseskrav som øvrige delar av det tettbygde området som dei er ein del av.

Sekundærreinsing blir lågaste reinsegrad

Det vil ikkje lenger vere lov å gje lempelegare reinsekrav for utslepp til sjø, slik Norge har praktisert for område langs kysten frå Lindesnes til Grense Jakobselv. Sekundærreinsing vil vere lågaste reinsegrad både i sjø og vatn.

Som nevnt over skal tettbygde område mellom 1 000 og 2 000 pe oppnå sekundærreinsing innan 2030. Innan 2027 skal tettbygde område mellom 2 000 og 10 000 pe med utslepp til kysten ha sekundærreinsing som lågaste reinsegrad. Krava til sekundærreinsing vil også gjelde kommunane som før har fått unntak frå dette kravet.

Definisjon på tettbygde område er endra

Tettbygde område er etter den nye definisjonen eit område med utslepp av avløpsvatn større enn 10 BOF₅ pe per hektar. Det er endå ikkje avklart kva dette vil føre til i Norge, men Miljødirektoratet har opplyst at dette mest sannsynleg ikkje vil føre til strengare krav.

Kartlegging og identifisering av følsame område

Miljødirektoratet og Statsforvaltaren skal innan 2025 ha oversikt over tettbygde område som er følsame for utslepp som kan føre til eutrofiering⁵. Resipientområda skal identifiserast for tettbygde område med utslepp mellom 10 000 og 100 000 pe.

Resipientområde som er følsame for mikroforureining skal identifiserast innan 2030. Resultat frå kartlegginga kan føre til høgare reinsekrav.

Tettbygde område større enn 10 000 pe, der utslepp frå overløp eller avrenning av overvatn representerar risiko for ytre miljø, eller for mennesket si helse, skal vere kartlagt innan 2025. Dette gjeld også for periodar med mykje nedbør. Dersom resipienten er nytta til bading, så er han til dømes ikkje god som resipient⁶ for utslepp av overvatn.

⁴ Ein personekvivalent (pe), den mengde organisk stoff som blir brote ned biologisk med eit biokjemisk oksygenforbruk over fem døgn (BOF₅) på 60 g oksygen per døgn.

⁵ «Eutrofiering» er eit omgrep for tilførsel av næringsstoff frå menneskje til naturen, og er særleg brukt om tilførsel av langtransportert luftbåren nitrogenforureining og om utslepp av nitrogen og fosfor til vatn.

⁶ Eit felles uttrykk for bekk, elv, innsjø, hav, myr eller anna vasskjelde som tar imot utslepp av forureiningar.



Anleggseigarar i tettbygde område større enn 10 000 pe må ha planar for korleis overvatn og anna kommunalt avløpsvatn skal handterast, slik at avrenning til resipient blir redusert, særleg i periodar med mykje nedbør og der det er nødvendig med omsyn til helse og miljø. Utslepp via overløp skal ikkje utgjere meir enn 1 % av avløpsvatnet som er samla opp når det ikkje regner.

Reinsekrava for alle anlegg over 100 000 pe blir omfattande, uavhengig av resipienttilhøve

Tertiærreinsing

Alle avløpsreinseanlegg som tek imot avløpsvatn tilsvarande 100 000 pe eller meir, må rekne med å få krav om både fosfor- og nitrogenfjerning (tertiærreinsing) innan 2035. Halvparten av anlegga skal ha oppnådd tertiærreinsing innan 2030.

Tertiærreinsekravet vil bli strengare. Minst 85 % av nitrogenmengda i avløpsvatnet må fjernast, tidlegare var kravet 70 %. Minst 90 % av fosfor i avløpsvatnet skal fjernast i reinseanlegga. Kravet var tidlegare 80 %.

Utsett frist frå krav om tertiærreinsing

Det er forslag om å kunne gje utsett frist for eit enkelt reinseanlegg i eit tettbygde område større enn 100 000 pe, som er omfatta av tertiærreinsekravet, dersom det kan dokumenterast at 82,5 % av mengde total fosfor og 80 % av mengde total nitrogen blir fjerna innan 2035, og dersom 90 % av mengde total fosfor og 85 % av mengde total nitrogen blir fjerna innan 2040.

Krav om kvartærreinsing

Alle avløpsreinseanlegg over 100 000 pe vil også få krav om kvartærreinsing for å fjerne mikroforureining innan 2035. Halvparten av anlegga skal oppnå krava innan 2030.

Målet er 80 % utsleppsreduksjon, målt for to ulike grupper av spesifiserte stoff, som ein kan finne i kosmetikk og lækjemidlar.

Kostnadene med eit fjerde reinsetrinn er tenkt finansiert gjennom ein nasjonal produsentansvarsordning, som til dømes ei returordning. Ordninga skal omfatte produsentar og importører av kosmetikk og lækjemiddel som inneheld kjemiske stoff over 2 000 tonn per år, og som er lista opp i framlegget til direktivet. Ordninga vil vere basert på kor giftige stoffa er og på forbruket.

Andre nye krav

Kommunane må ha planer for korleis energieffektivisering skal skje for vatn- og avløpsreinseanlegg. Alle avløpsanlegg over 10 000 pe skal vere energinøytrale innan 2040. Det vil sei at reinseanlegga for avløpsvatn over 10 000 pe også skal kunne produsere energi i tillegg til å reinse avløpsvatnet. Den totale årlege energien som desse avløpsanlegga produserer på landsbasis, skal minst tilsvare den energien anlegga nyttar på årsbasis. For å nå dette målet, må det jamnleg gjennomførast energirevisjon på reinseanlegg frå større tettbygde område med særleg fokus på biogassproduksjon og samstundes redusere utslepp av metangass. Dette gjeld berre for reinseanlegga, ikkje leidningsnett.

Industriverksemder som er lista opp i forureiningsforskrifta kapittel 15b og i vedlegg 4 til framlegget og som ikkje er omfatta av IED-direktivet⁶, men som har utslipp større enn 4 000 pe direkte til

⁶ Directive 2010/75/EU of the European Parliament and the council of 24 November 2010 on industrial emissions (integrated pollution prevention and control)



resipient, skal ha løyve med krav som passer for denne typen industriverksemd. Krava skal også sikre at prosessavløpsvatnet frå verksemdene minst er reinsa i tråd med krav gitt i vedlegg I, del B.

Når krava i direktivet ikkje blir oppnådde, skal Statsforvaltaren gjere vedtak om straffereaksjonar.

Meir informasjon om det reviderte direktivet er å finne på nettsida til Miljødirektoratet⁷.

Vegen vidare

Framlegget til endra direktiv, skal behandlast i EU-parlamentet og EUs ministerråd som svarar til Norges storting og regjering. Norge har inga formell rolle i dette arbeidet. Det reviderte direktivet vil mest sannsynleg bli vedteke våren 2024.

Endring av vilkår i forureiningsforskrifta

Når EU-direktivet er endra, skal det behandlast av EØS-komiteen, der EØS-landa kan be om unntak eller tilpassingar av direktivet. Det er ikkje vanleg å forhandle om dette før direktivet er innlemma i EØS-avtalen. Deretter skal direktivet implementerast i norsk regelverk, som i dag er forureiningsforskrifta, del 4 om avløp. Endringane i forskrifta vil bli sendt på høyring før forskrifta blir endra.

Evaluering av avløpsdirektivet

Evaluering av direktivet er venta å skje i 2030, når dei fleste investeringane er gjort for dei store installasjonane.

Status i Vestland

I Vestland er det om lag 44 tettbygde område større enn 1 000 pe som ikkje er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14 i dag.

Reinseanlegg (kapittel 13), som har eller får utslepp over 1000 pe.

Vi har i dag 505 anlegg i Vestland, kapittel 13- anlegg. Om lag 200 av desse er registrerte med tettbygde område. Desse anlegga vil etter framlegget få krav om endringar.

Reinseanlegg (kapittel 14), som i dag har unntak frå sekundærreinsekravet

I Vestland har fem kommunar, Bjørnafjorden, Kinn, Kvam, Stord og Øygarden fått unntak frå sekundærreinsekravet og har i dag krav om primærreinsing. Dersom framlegget blir vedtatt, vil anlegga i desse tettbygde områda måtte oppgraderast med ny reinseløysing, for å oppnå reinsekrava.

Reinseanlegg (kapittel 14) som har eller får utslepp større enn 100 000 pe

Bergen kommune har i dag to reinseanlegg som er over 100 000 pe.

Statsforvaltaren sine verkemiddel ved manglande etterleving av krav

Bruk av motsegn i plansaker

Statsforvalteren har mottatt tydelege føringar i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, no Kommunal- og distriktsdepartementet og Miljødirektoratet om bruk av motsegn som verkemiddel i plansaker, der det er konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale interessar.

Avløpssaker er å sjå på som vesentlege regionale interessar, jf. plan- og bygningslova § 5-4.

⁷ <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/fagmeldinger/2022/desember-2022/eu-direktiv-om-avlop-revideres/>



Motsegn kan også fremjast når det er forhold på kommunalt leidningsnett som kan føre til forureining til ytre miljø, til dømes som følgje av overløp.

Oppsummert

Høve til å få unntak frå sekundærreinskrava ved utslepp i mindre følsame område (Lindesnes til grense Jakobselv) er fjerna i framlegget til nytt EU-direktiv. Primærreinsing som einaste reinsetrinn vil dermed ikkje lenger vere eit alternativ dersom framlegget til nytt EU-direktiv blir vedtatt.

Sekundærreinsing er foreslått som krav for alle utslepp frå tettbygde område større enn 1 000 BOF₅ pe innan 2027/2030.

For tettbygde område mellom 10 000 og 100 000 BOF₅ pe skal det vurderast om det er behov for tertiærreinsing på grunn av resipienten sin følsamheit og bruk innan 2035/2040. Det skal også vurderast behov for kvartærreinsing på bakgrunn av resipientens toleevne og bruk innan 2035/2040.

Høgaste ambisjonsnivå for alle reinseanlegg større enn 100 000 BOF₅ pe, det vil sei totalt fire reinsetrinn innan 2030/2035.

Alle reinseanlegg over 10 000 pe skal vere energinøytrale innan 2040.

Kommunen skal utarbeide planar for handtering av overvatn i tettbygde område større enn 10 000 pe.

På bakgrunn av framlegget til revidert direktiv med krav om skjerpande krav til avløpsanlegg, bør kommunane og anleggseigarar i planlegginga legge til rette for å kunne oppgradere reinseanlegg, leidningsnett og anna infrastruktur for å kunne møte krava i framlegget til endra EU- direktiv.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakarliste: Alle kommunane i Vestland fylke

Vedlegg: Norge si fråsegn til EU sitt framlegg til nytt avløpsdirektiv